
Søkjar

Institusjonsopplysninger

Institusjonsnamn	Sveio bibliotek
Institusjonen si e-postadresse	biblioteket@sveio.kommune.no
Postadresse	Postboks 33
Postnummer	5559
Poststad	Sveio
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Kristine
Etternavn	Thorkildsen
Telefon	97 552 099
E-post	kristine.thorkildsen@sveio.kommune.no

Er leiar for institusjonen kontaktperson for Ja
prosjektet?

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Innsatsområde
Innsatsområde	• Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Samarbeid Vestland på langs
Mål	<p>Mål</p> <p>Målet med prosjektet er at bibliotekleiarar som ei gruppe skal dra nytte av og lære av kvarandre sine sterke sider, erfaringar og kunnskap i det enkelte kommune og bibliotek. Vi vil sette erfaringsutvekslinga i system og synleggjere det i ein modell som er lett overførbar for andre bibliotektilsette.</p>
Prosjektskildring	<p>Etter Biblioteksdagane Vestland i 2023 har seks bibliotek frå heile Vestland fylke jobba saman i ei prosjektgruppe som har fokusert på leiarutvikling. I 2024 gjennomførte vi eit vellukka prosjekt støtta av NB om brukardriven innovasjon, der vi erfarte at vi lærte like mykje av dei andre biblioteka sine resultat som av våre eigne. Nettopp denne effekten med å lære av kvarandre ynskjer vi no å utforske om vi kan sette meir i system, slik at andre bibliotek også kan nytte vår modell til erfaringsutveksling og auka kunnskap.</p> <p>Gruppa består av seks bibliotek av ulik storleik, ulik geografisk plassering og med ulik leiarkompetanse og -erfaring, og vi har allereie erfart at vi kan hente mykje god kunnskap og dele erfaringar frå kvarandre. Vi vil sette denne kunnskapsdelinga betre i system, og kome fram til ein modell som er overførbar til andre bibliotek som ynskjer å gjøre det same.</p> <p>Gjennom ei kartlegging vil vi sjå på kva dei seks ulike biblioteka og bibliotekleiarane har god kompetanse i, men også kva felt ein treng meir kunnskap og utvikling på. Dei sterke sidene til dei einskilde biblioteka skal så delast til dei andre biblioteka, og på den måten blir god kompetanse og erfaring delt på tvers mellom alle. Denne sirkelen av erfaringsdeling gjer at alle biblioteksleiarane får styrka sin kompetanse.</p>

Framdriftsplan

Prosjektet er	Eitårig
Aktivitetsplan for prosjektet	

Skildring

Prosjektet skal innehalde tre fysiske samlingar og faste teamssamlingar digitalt, i tillegg til eigenarbeid. Resultatet og erfaringane frå prosjektet skal til slutt summerast opp i ein modell som er lett overførbar til andre bibliotek, eller som t.d. eit fylkesbibliotek kan nytte som modell for å stimulere til eller legge til rette for denne typen samarbeid.

Prosjektperioden består av tre fasar:

Fase 1: Kartleggingsfase - kva kompetanse har vi og kva kompetanse treng vi?

I denne fasen skal vi saman kartlegge dei seks biblioteka og bibliotekleiarane sine sterke sider, og også på kva område biblioteka og -leiarane ynskjer meir kunnskap, kompetanse og utvikling. Saman skal vi kome fram til seks tema der vi kan dra nytte av kvarandre sin kompetanse og kunnskap, der målet er at ein av bibliotekleiarane skal ha ansvar for kvar kompetanseøkt. Dersom det er eit felt/tema alle biblioteka ynskjer utvikling på, men ingen av bibliotekleiarane har kompetanse på dette, vil vi finne ein ekstern kurshaldar som kan bidra til dette temaet.

Aktivitetsperiode

Fra dato 30.04.2024

Til dato 01.07.2024

Skildring

Fase 2: Utprøving/testfase - samlingar/hospitering

I testfasen ser vi føre oss å gjennomføre tre fysiske samlingar.

Minst to av samlingane ynskjer vi å legge til nokre av biblioteka, som ei hospitering. På kvar av desse samlingane skal ein gjennomgå eitt eller fleire tema der ein bibliotekleiar har ansvaret for gjennomføringa.

Dersom vi treng å leige inn ein ekstern kurshaldar til eitt eller fleire av temaene, er det naturleg at den tredje samlinga kan vere staden for desse temaene, og samlinga vil då plasserast der det er mest naturleg ut i frå geografi og reiseveg.

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.08.2025
Til dato	31.01.2026

Skildring	Fase 3: Oppretting av modell - vidareføring av samarbeid og overføring til andre
	Etter at samlingane og kunnskapsoverføringa vil vi oppsummere erfaringane våre og det vi har lært. Denne modellen kan både innehalde strukturen i eit slikt samarbeid, men også malar for gjennomføring, kunnskapsdeling og resultatoppnåing. Modellen skal vere lett overførbart til andre bibliotek.

Aktivitetsperiode	
Fra dato	31.01.2026
Til dato	30.03.2026

Andre opplysningar	
Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan	

Budsjett

Prosjektår	
Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	300 000
Andre inntekter	
Skildring	Eigeninnsats frå 6 bibliotek
Beløp	250 000

Inntekter totalt 550 000

Utgifter

Skildring Budsjett
Utgifter
frikjøp av ressursar x 6 bibliotek: 240.000
hospitering: 160.000
Samlingar/møter: 100.000
Utstyr og verktøy: 50.000

Beløp 550 000

Utgifter totalt 550 000

Totalt

0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *

Ja

Namn Stad bibliotek ved Janne Mari Hjelle

Beskriv samarbeidet

På bakgrunn av prosjektet "Å Vestland Vestland - nye og revitaliserte samarbeid i eit nytt fylke" til Bibliotekutvikling Vestland, vart ei samarbeidsgruppe for leiing, innovasjon og utvikling i biblioteka danna. Gruppa vart danna på grunnlag av felles motivasjon for å teste ut nye formar for samarbeid og nyskaping, kor innovasjon er grunntanken. Gruppa består av seks bibliotekleiarar (Stad, Sunnfjord, Lærdal, Kvinnherad, Sveio og Etne), frå seks bibliotek med ulik storleik og plassering i fylket.

Alle dei biblioteka som inngår i samarbeidet skal gjennomføre sine eigne prosjekt der me prøver ut metoden. Førebelse planar for utprøving av metoden er: Korleis skal me nå ut til ulike, definerte målgrupper? Korleis engasjerer me brukarane når me skal flytte eit bibliotek? Korleis skapar me ein bibliotekplan med utgangspunkt i brukarane sine behov?

Underveis i prosjektet kjem me til å ha regelmessig dialog og vere støtte for kvarandre for å drive dei lokale prosjekta vidare. Dette er eit samarbeidsprosjekt, men med lokale variasjonar etter dei ulike biblioteka sine behov. Grunna lange avstandar mellom biblioteka kjem mesteparten av dialogen til å føregå digitalt.

Namn	Kvinnherad folkebibliotek ved Trude Hege Bergesen
Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
Namn	Lærdal bibliotek ved Guro Nesse
Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
Namn	Etne folkebibliotek ved Signe Ytrøy
Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
Namn	Sunnfjord bibliotek ved Jorun Systad

Beskriv samarbeidet

Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.

Namn

Sveio folkebibliotek ved Kristine Thorkildsen

Beskriv samarbeidet

Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.

Vedlegg

Last opp vedlegg

Samandrag og innsending